



Songsvane *Cygnus cygnus*. Arten er vanleg i Kalandsvassdraget vinterstid.



1-2 par raudstilk *Tringa totanus* hekker årleg i Kalandsvika. Beste plassen å sjå både desse og andre fuglar i reservatet er frå fugletårnet (midten) som vart reist i 2000. Her har du fri tilgang heile året.



Kalandsvika har den største hekkebestanden av sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus* i Hordaland. Arten er lett å registrere frå fugletårnet på seine kveldar i mai og juni.



Årleg overvintrar 10-20 individ av laksand *Mergus merganser* i Kalandsvassdraget. Kalandsvatnet er fiskerikt, og gir gode tilhøve for denne arten.

KALANDSVIKA NATURRESERVAT

Kalandsvika naturreservat i Bergen kommune vart verna ved kongeleg resolusjon 15. desember 1995. Reservatet dekkjer eit areal på om lag 157 dekar, der 88 dekar er landareal.

Føremålet er å frede eit viktig trekk- og hekkeområde i regionen, som i tillegg har botaniske og landskapsestetiske verdjar.


KALANDSVATNET OG KALANDSVIKA

Kalandsvatnet er den største innsjøen i Bergen kommune og er omkransa av kulturlandskap på alle kantar. Tilsig frå kulturlandskapet gjer at vatnet er nokså næringsrikt. Ornitologisk sett er Kalandsvatnet eitt av dei rikaste våtmarksområda i Bergen.

Det rikaste delområdet, Kalandsvika, ligg søraust i vatnet. Det er ei vegetasjonsrik bukt som går over i myr og sumpskog med eit interessant planteliv.

Kalandsvika er eit artsrikt hekkområde, omkring 50 ulike fugleartar hekkar eller har truleg hekka her. Stokkand, krikkand, vipe, raudstilk, strandsnipe, enkeltbekkasin, sivsongar og sivsporv er mellom dei vanlegaste. Eit smålompar som hekkar på Byfjella i Bergen hentar ofte fisken sin i Kalandsvatnet. Det nedre området langs Austevollrelva har også funksjon som overnattingsplass for låvesvaler om ettersommaren. Ei rekke våtmarksfuglar nyttar Kalandsvatnet og Kalandsvika som rasteområde både under haust- og vartrekke og om vinteren. På grunn av storleiken vert Kalandsvatnet gjerne islagt seinare enn dei fleste andre vatna i Bergen, og vatnet har ein god overvintringsbestand av songsvane og laksand.

I alt er meir enn 150 ulike fugleartar registrert i Kalandsvatnet.



Enkeltebekkasin
Gallinago gallinago



— Vernegrense
♦ Fugletårn
... Sti




KVA ER VÅTMARK?

Våtmark er naturtypar der vatn og fuktige område pregar landskapet. Dette kan t.d. vere fjøre- og gruntvassområde, næringsrike vatn, sumpområde, deltaområde og myrar. Dei er med på å skape eit variert landskapsbilete og auke opplevinga av naturen.

Våtmarkar har ofte ein rik, til dels svært rik, flora og fauna, og mange plante-, insekt- og fugleartar er heilt avhengige av desse naturtypene for å klare seg.

Våtmarkene er av dei mest truga naturtypene vi har. Dei er utsette for ei rekke ulike inngrep som t.d. attfylling, neddemming, drenering og søppelfylling.

Lappfiskand
Mergellus albellus



Ei lang rekke uvanlege fugleartar er med åra observert i området, nemnast kan: Islom, svarthalsdukkar, toppdukkar, stork, dvergsvane, tundragås, snadreand, knekkand, taffeland, åkerrikse, svarthalespove, dobbeltbekkasin, rovterne, amursvale, tartarpiplerke, sørleg gulerle og grashoppesongar. Lappfiskand og dvergdukkar er nærast årvisse vintergjester og kvartbekkasin er sett flere gonger vinterstid.

Rundt reservatet er det aktiv gardsdrift. Vis respekt for dette, og unngå å ferdast på innmark i området.

Det er heller ikkje nødvendig å trakke rundt i sjølve våtmarka, sidan du kan observere fuglelivet langt betre frå fugletårnet.



UTDRAG AV VERNEFORSKRIFTA

All ferdsel og bruk skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon og dyreliv. Hald deg til vegar og stiar, og ta omsyn til landbruket. Du er velkomen til å vitje verneområdet, men hugs følgjande reglar, som er eit utval av verneforskrifta:


- Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band.
- All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging.
- Forsøpling er forbode.
- Camping, teltslaging og oppsetjing av kamouflasje-innretningar er forbode.
- Motorisert ferdsel er forbode. Brettsegling er forbode.

Vernereglane er ikkje til hinder for:

- Sanking av bær og sopp.



Når det gjeld fisk er Kalandsvatnet det mest artsrike i Bergen kommune. Vatnet er mykje brukt av sportsfiskarar, og særleg fisket etter røye er spesielt. Ein flott måte å oppleve naturen her på er å leige robåt og kombinere stongfiske med fuglekikking!



Røye
Salvelinus alpinus



KALANDSVIKA NATURE RESERVE

Kalandsvika Nature Reserve in Bergen municipality was established in 1995, primarily to protect an important area for breeding and migrating birds. The area also has important botanical values.

You are welcome to visit the nature reserve, but please note these rules:

- Vegetation and wildlife is protected from any kind of damage and destruction.
- Use of motorized vehicles is prohibited.

FORVALTING OG OPPSYN

Fylkesmannen i Hordaland, tlf.: 55 57 20 00
Statens naturoppsyn Bergen, tlf.: 959 67 043